

## Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	21/2022	Arkiv nr.:		Møtedato:	22.09.2022
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen				

### Referat og meldingar..

- A. 220817 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak. Dispensasjon-motorferdsel i samband med opprusting og utviding av Memurubu kraftverk - Memurubu turisthytte v/Kleppconsult AS
- B. 220819 e-post frå Lom kommune. Delegert vedtak. Dispensasjon frå kommunal forskrift om bandtvang – rypetaksering Lom fjellstyre 2022
- C. 220822 e-post frå Lom kommune. Orientering om tilbod om kvotefri jakt på hjortekalv 2022 for viltområde/vald med bestandsplan i Lom kommune
- D. 220824 e-post frå Bøvertjønningen hytteforening. Innkalling til årsmøte
- E. 220824 e-post frå Bøvertjønningen hytteforening. Årsmelding frå styret 2021-2022
- F. 220829 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak. Jotunheimen NP-Utladalen LVO-Dispensasjon-motorferdsel 2022-Transport i samband med arbeid på Gravdalsdammen-Hydro Energi AS
- G. 220901 kopi av e-post frå Jotunheimen NP. Delegert vedtak-dispensasjon-motorferdsel 2022-23-barmark-Gravearbeid og vedlikehold ved Glitterheim turisthytte-DNT Oslo og omegn
- H. 220914 Avtale om kjøp av teneste 2022-Høydalen landskapsvernområde. Skjøtselsavtale om fjerning av einer.

### Tillegg:

- I. 220920. E-post frå Innlandet revisjon IKS Uavhengig revisor beretning.

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	22/2022	Arkiv nr.:	322	Møtedato:	22.09.2022
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

## Høyrings sak - Kommuneplanen sin arealdel for 2021-2030 – 2. gongs høyring og offentleg ettersyn.

### Sakspapir:

- Høyringsbrev av 30.08.2021 frå Lom kommune med vedlegg – framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2021-2030.
- Sak 37/2021 i Lom fjellstyre. Revisjon av kommuneplanen sin arealdel.
- Høyringsbrev av 4.7.2022 frå Lom kommune med vedlegg – 2. gongs høyring - framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2021-2030.

### Saksutgreiing:

I september 2021 la Lom kommune forslag til kommuneplanen sin arealdel 2021-2030 ut til offentleg høyring og Lom fjellstyre gav uttale etter behandling i sak 37/2021. Planforslaget er lagt ut til andre gongs høyring og varsla med brev 7. juli.

Nedanfor kjem ei oppsummering av dei mest vesentlege endringane som er gjort i forslag til 2. gongs høyring samanlikna med plandokumenta som var lagt ut til 1. gongs høyring, og som kan påverke fjellstyret si forvaltning og verksemd:

- Etter konsekvensutgreiing er desse uttaksområda for masse foreslått teke ut av planforslaget:
  - MS10 Tessemagasinet
  - M50 Illmyrbakkjin v/ Foss
- Det er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan innan to år for desse masseuttaka:
  - M109 Tesse ved Ilva (grusuttak under HRV),
  - M1 Stallhytta i Veodalen,
  - M6 Kyrkjeflaten v/ Nåvårseter,
  - M81 Juvasshytta (Galdhøpiggevegen)
- Byggeområde for fritidsbustader BF01\_f Nordsætrin, og BF12\_f Nåvårsetervangen er foreslått teke ut av planforslaget, desse områda blir vist som LNFRområde i planforslaget til 2. gongs høyring. Område BF05 \_f Nordsetrene er foreslått endra til byggeområde for fritids- og turistformål BFT28\_f, for utbygging av utleigehytter for turistbedriftene i området. Byggeområde for fritidsbustader BF14\_f Bjønnskaret blir foreslått vidareført frå 1. høyring.
- Alle område for fritids- og turistformål knytt til eksisterande turisthytter/turisthotell fekk arealfigur på plankartet ved 1. gongs høyring av planforslaget (var vist med punktssymbol i gjeldande kommuneplan frå 2003). Det er gjennomført konsekvensutgreiing for alle desse områda før 2. gongs høyring. Område for fritids- og turistformål – eksisterande; BFT20 Glitterheim, BFT21 Memurubu og BFT22. Gjendebu er foreslått teke ut av planforslaget, desse områda blir vist som LNFR-område i planforslaget til 2. gongs høyring. Område for fritids- og turistformål BFT07 Krossbu, BFT08 Bøvertan, BFT09 Jotunheimen Fjellhotell, BFT10 Leirvassbu, BFT15 Spiterstulen fjellstue har alle fått justert avgrensing på

## Møtebok – Lom fjellstyre

plankartet, og noko mindre areal. For BFT10 Leirvassbu og BFT15 Spiterstulen er ein del av arealet som vart vist som fritids- og turistformål ved 1. gongs høyring endra til arealformål parkering i forslaget til 2. gongs høyring.

- Nytt område for fritids- og turistformål BFT29\_f Brimi fjellstugu, for oppføring av garasje/ lager for Brimi fjellstugu, 1,5 daa. Eksisterande område BFT18B Brimi fjellstugu er redusert med tilsvarande areal.
- Eksisterande felles parkeringsareal P11 for Brimi Fjellstugu og Brimi seter utvida med 0,5 daa nytt areal; P01\_f. Eksisterande parkeringsareal P11 er på 1 da, og er vidareført frå kommunedelplan for Nordsetrene (2009) og reguleringsplan for Brimi seter (2009).
- Utviding av eksisterande felles parkeringsareal P11 med 0,5da for Brimi Fjellstugu og Brimi seter.
- Vesentlege endringar i planføresegnene:
  - 3.1.2 c): Montering av solcellepanel som medfører vesentleg fasadeendring medfører søknadsplikt.
  - 3.1.4 b): Vindmøller for straumforsyning er søknadspliktige.
  - 3.3.2 a) Maksimal høgde på grunnmur for fritidsbustader i skrått terreng skal ikkje overstige 1,5 m over ferdig planert terreng.
  - 3.3.3 a) Der det er nødvendig på grunn av ulemper knytt til beitedyr kan det gjerdast inn med inntil 50 løpemetar gjerde pr. fritidsbustad. Gjerde skal vere festa i vegg i både endar. Rekkverk/ gelender på terrasse eller veranda tel ikkje med i talet på løpemetar. Gjerde over 50 løpemetar krev søknad til/ godkjenning av kommunen, jf. PBL § 20-4 e).
  - b) Fritidsbustader skal ikkje oppførast i meir enn 1 etasje. Maks mønehøgde skal ikkje overstige 6,5 m over gjennomsnittleg planert terreng.
  - 3.7 Område for råstoffutvinning: Føresegn for alle masseuttak utan krav om reguleringsplan, med vilkår for avslutning av uttak/ opprydding i uttaksområdet. Eiga føresegn for område M100 Tavelflye i Smådalen, med vilkår om driftsperiode for uttaket. Retningsline med presisering av meldeplikt til Direktoratet for mineralforvaltning ved masseuttak over 500 m<sup>3</sup>, og konsesjonsplikt for masseuttak over 10.000 m<sup>3</sup>.

Lom fjellstyre har frist 26. september til å kome med merknader.

### **Opplysningar og merknader:**

Det blir synt til saksutgreiing og vurderingar gjort i sak 37/2022 samt fjellstyret si uttale i same sak. Når det gjeld forslaget lagt fram i 2. høyringsrunde vil sakshandsamar framheve fylgjande:

*Byggeområder for fritidshytter.*

## Møtebok – Lom fjellstyre

To større områder, BF01\_f Nordsætrin og BF12\_f Nåvårsetervangen er teke ut av forslaget. Dette er positivt, men BF14\_f Bjønnskaret og BF05\_f/BFT28\_f Nordsetrene ligg framleis inne.

Som synt til i fyrste høyring vil auka aktivitet knytt til fritidshytter og reiseliv ha ein negativ påverknad på seter- og beitebruk i Tesse området. Det er ikkje bygningar og installasjonar i seg sjølv, men auka aktivitet- og bruk av området som vil bli ei utfordring. Området BF14\_f i Bjønnskardet ligg 1km i frå og i gangavstand frå seterområdet på Nordsetrene. Ei realisering av dette hyttefeltet vil påverke eksisterande seter og beitebruk i heile området.

Ein anna side som er for dårleg vektlagt i vurderingane til kommunen, er påverknaden ei utbygging i dette området vil gje på landskapet. Området ligg på eit høgdedrag, som i dag er dominert av tettvaksen skog. Det er lett synleg frå store deler av Tesseområdet, spesielt frå seterområdet på Nordseter. Ei utbygging av 48 høgstandarhytter her vil bli svært dominerande.

BF05\_f byggeområde for fritidshytter er endra til BFT28\_f byggeområde for fritids- og turistformål, og er jf. saksvurderinga til kommunen *«foreslege for utbygging av utleigehytter for turistbedriftene på Nordsetrene. Området kan på den måten meir direkte styrke utviklingspotensialet for turistbedriftene i nærområdet, samanlikna med utbygging av private hytter.»* Det kan sjå ut som at kommunen har vurdert denne endringa som positiv, jf. motsegner og merknader i 1. gongs høyring. Etter sakshandsamars vurdering er det heller motsett. Det bør påpeikast at dei negative konsekvensane for seter- og beitebruk kan bli auka ved å knyte hyttene til eksisterande turistverksemd. Ein vil truleg få høgare belegg/større bruk og gjester som i mindre grad er kjent med tilhøva og området.

Kva som meinast med turistbedriftene på Nordseter framstår uklart. Av opplysningane som fjellstyret sit på er det berre eit foretak som har status som reiselivsverksemd på Nordseter - forslagsstillar har status som seter. Det er vanskeleg å sjå at det kan gjevast løyve til oppføring av slike frittstående utleigehytter knytt til seterdrift med småskala turisme, etter gjeldande føresegner i fjellov og seterforskrift. Utvising må i tilfelle sjåast på som ei nyetablering, ei ny reiselivsverksemd er ikkje ynskjeleg midt i eit seterområde.

I tillegg til momenta nemnd i fyrste uttale bør det presiserast sterkare at den samla påverknaden frå eksisterande fritidsbustader, reiselivs- og aktivitetsverksemd allereie er ved ei tolegrense. Realisering av dei føreslegne byggeområda for fritidsbustader vil kunne medverke til at grensa for tåla bruk blir overskrede - avvikling av eksisterande seter- og beitebruk kan bli ein realitet og være i strid med lokale-, regionale- og nasjonale strategiar og føringar.

*Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemd.*

Alle turisthytter/ turisthotell utanfor sentrum var i gjeldande kommuneplan frå 2003 vist med punktsymbol på plankartet. Alle desse bedriftene fekk arealfigur på plankartet ved 1. gongs høyring av planforslaget for 2021-2030. Desse areala var til dels svært store, missvisande og til dels feilaktige jf. eksisterande bruk og festetilhøve. I forslaget som nå ligg ute blir verksemdene som ligg innanfor verneområder oppretthalde med

## Møtebok – Lom fjellstyre

punktsymbol, og arelaet elles vist som LNF- område. (Glitterheim, Gjendebu, Memurubu) Ved verksemdene elles er arelaet redusert og meir i samsvar med eksisterande bruk.

For BFT10 Leirvassbu og BFT15 Spiterstulen er ein del av arealet som vart vist som fritids- og turistformål ved 1. gongs høyring endra til arealformål parkering i forslaget til 2. gongs høyring. Dette er positivt, men det må tydeleggjerast at dette er areal som skal vere tilgjengelege for allmenn bruk/offentleg parkering. Både Spiterstulen, Leirvassbu er svært viktige innfallsportar til store friluftsområder. Det er av vesentleg kommunal betydning at allmenn tilgang til desse områda blir sikra, både for friluftsutøving og reiselivsverksemda elles. Begge verksemdene er tilknytt godkjend bomveg. Ved kommunal behandling og godkjenning av bomveg/avgift bør det settast generelle vilkår om allmenn tilgjengelegheit, opningstider og parkering. Eventuelle utgifter knytt til opparbeiding og vedlikehald av parkeringsareal bør kunne dekkast gjennom bom- og/eller parkeringsavgift.

### *Nytt område for fritids- og turistformål BFT29\_f Brimi fjellstugu*

Brimi fjellstugu har etter 1. gongs høyring av planforslaget kome med innspel om 1,5 daa nytt byggeområde for fritids- og turistformål for oppføring av garasje/ lager. Eksisterande område BFT18B Brimi fjellstugu – vidareført frå kommunedelplan for Nordsetrene (2009) - er redusert med tilsvarande areal. Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing av innspelet der konklusjon er at arealet som blir tilbakeført til LNFR-område frå eksisterande byggeområde BFT18B, har like store verdiar for landbruk og friluftsliv og med omsyn til naturverdiar som det nye arealet som Brimi Fjellstugu har søkt om å få nytte til byggeformål.

Eit stort bygg her blir lett ruvande frå fleire kanter. For å ivareta det særskilte natur- og kulturlandskapet ved Nordsetrene er det avgjerande at bygget blir tilpassa terrenget og bygd så lågt som råd. Området ligg i ein mindre forseinking, men tomte bør i tillegg senkast ned i terrenget.

Det er positivt at ein reduserer BFT18B med tilsvarande areal som ein tek i bruk i BFT29, samstundes er det her spørsmål om å opne for tiltak i eit nytt urørt område på utsida av vegen. Plassen har i lang tid vore nytta til lagring av ymse utstyr, men det er ikkje bygningar eller andre større installasjonar her. Det er fint at forslagsstillar ynskjer å skjerme/rydde opp på området, men behovet må og sjåast i saman med riving av eksisterande garasje innanfor eksisterande areal. Mogleg kunne ein større del av arealet ved BFT18B vore redusert, for å kompensere for bruk av nytt areal ved BFT29.

### *Ymse føresegner bygg og anlegg*

Det blir synt til vurderingane i 1. uttale. Det er positivt at vindmølle og solcelleanlegg blir søknadspliktig. Elles bør gjeldande grenser for bygningsareal på fritidshytter oppretthaldast.

### *Område for råstoffutvinning*

Det er mange kilometer med setervegar på statsallmenningen i Lom. Desse er avgjerande for å oppretthalde seter- og beitebruk, og har betydning for utøving av jakt, fiske og friluftsliv. Felles for fleire av desse veglaga er lågt trafikkgrunnlag, høge vedlikehaldsutgifter og streng økonomi. Transport av grus over lange distansar er

## Møtebok – Lom fjellstyre

kostbart og gjev auka klimautslepp. Det må presiserast at mindre masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar- og mindre veganlegg må kunne godkjennast etter landbruksvegforskrifta. Samstundest bør det arbeidast for å oppretthalde eksisterande grustak. Med bakgrunn i overståande bør M50 Illmyrbakkjin takast inn at i planforslaget.

Når det gjeld M-109 Tessemagasinet ved Ilva bør dette oppretthaldast, men det kan med fordel gjerast ei ny vurdering knytt til vilkår- og tidsrom for uttak. Uttaket ligg i eit mykje brukt og viktig rekreasjonsområde for allmennheita. Dette gjeld fyrst og fremst arealet knytt til strandsona rett over og under grense for HRV. Vilkår om uttak i nedre halvdel mot LRV og fyrste del av sommaren vil ta i vare allmenne rekreasjonsinteresser på ein god måte.

### *Område for samferdselanlegg/ infrastruktur:*

Kommunen har etter 1. gongs høyring motteke innspel frå Brimi seter om 0,5 daa utviding av eksisterande felles parkeringsareal P11 for Brimi Fjellstugu og Brimi seter. Området er teke inn i forslaget til 2. gongs høyring som område P01\_f. Eksisterande parkeringsareal P11 er på 1 da, og er vidareført frå kommunedelplan for Nordsetrene (2009) og reguleringsplan for Brimi seter (2009). Dette arealet treng opparbeiding om det skal brukast, dette må i tilfelle handsamast som ei eiga grunndisponeringssak.

Plassen er i dag mykje brukt av bobilar, og oppsynet er kjende med at det til ein viss grad har vore tilrettelagd med mellom anna strømuttak. Dette er lite ynskjeleg frå fjellstyret si side, ved ei eventuell utviding må det settast vilkår som tydeleggjer at arealet ikkje kan nyttast som campingplass.

### *Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø*

Frå riksantikvaren er det framheva at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande og viktig for å halde ved like kvalitetane i landskapet ved omsynssone for verdifult kulturlandskap i Bøverdalen (H570\_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570:K1-K4). Dette bør synleggjerast enda klarare i planføresegnene i kommuneplanen, slik at ein ikkje risikerer at omsynssonene sine føresegnar er til hinder for landbruksutøvinga.

### **Forslag til vedtak:**

Lom fjellstyre syner til høyringsbrev med plandokument sendt 7. juli og kjem med følgjande merknader til 2. gongs høyring til forslag om kommuneplanens arealdel 2021-2030 for Lom kommune.

### *Byggeområder for fritidshytter.*

Lom fjellstyre vil framheve at samla bruk og påverknad frå eksisterande fritidsbustader, reiselivs- og aktivitetsverksemd ved Tesse er ved ei tolegrense. Realisering av føreslegne byggeområde for fritidsbustader vil kunne medverke til at grensa for tåla bruk blir overskride og avvikling av eksisterande seter- og beitebruk kan bli ein realitet. Dette vil være i strid med lokale-, regionale- og nasjonale strategiar og føringar. Lom fjellstyre er positive til at BF01\_f Nordsætrin og BF12\_f Nåvårsetervangen er teke ut av forslaget, men negative til at BF14\_f Bjønnskaret og BF05\_f/BFT28\_f Nordsetrene framleis ligg inne.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Som synt til i uttale i fyrste høyringsrunde vil auka aktivitet knytt til fritidshytter og reiseliv ha ein negativ påverknad på seter- og beitebruk i Tesse området. Det er ikkje bygningar og installasjonar i seg sjølv, men auka aktivitet- og bruk av området som vil bli ei utfordring. Området BF14\_f i Bjønnskardet ligg 1km i frå og i gangavstand frå seterområdet på Nordsetrene. Ei realisering av dette hyttefeltet vil påverke eksisterande seter og beitebruk i heile området.

Fjellstyret meiner at påverknaden ei utbygging i dette området vil ha på landskapet, er for dårleg vurdert og vektlagt av kommunen. Området ligg på eit høgdedrag, som i dag er dominert av tettvaksen skog. Det er lett synleg frå store deler av Tesseområdet, spesielt frå seterområdet på Nordseter. Ei utbygging av 48 høgstandarhytter her vil bli svært dominerande.

BF05\_f byggeområde for fritidshytter er i 2. gongs høyring endra til BFT28\_f byggeområde for fritids- og turistformål. Lom fjellstyre meiner at dei negative konsekvensane for seter- og beitebruk ikkje blir mindre ved å knyte hyttene til eksisterande turistverksemd. Høgare belegg, auka bruk og gjester som i mindre grad er kjent med tilhøva vil truleg gje auka negativ påverknad jf. ordinære fritidsbustader. Som synt til i saksutgreiinga kan det, etter gjeldande føresegner i fjellov og seterforskrift, ikkje utvisast areal til oppføring av slike frittstående utleiehytter knytt til ei seter. Utvising må i tilfelle sjåast på som ei nyetablering. Ei ny reiselivsverksemd er ikkje ynskjeleg midt i eit seterområde.

### *Endring av arealbruksformål rundt reiselivsverksemd.*

Lom fjellstyre er positive til at verksemdene som ligg innanfor verneområda blir oppretthalde med punktymbol, og at arealet elles er vist som LNF- område. (Glitterheim, Gjendebu, Memurubu)

For «arealformål parkering», ved BFT10 Leirvassbu og BFT15 Spiterstulen, bør det tydeleggjerast at dette er areal som skal vere tilgjengelege for allmenn bruk og offentleg parkering. Det er av vesentleg betydning at allmenn tilgang til desse områda blir sikra, både for friluftsutøving og anna reiselivsverksemd i kommunen. Begge verksemdene er tilknytt godkjend bomveg. Ved kommunal behandling og godkjenning av bomveg/avgift bør det settast generelle vilkår om allmenn tilgjengelegheit, opningstider og parkering. Eventuelle utgifter knytt til opparbeiding og vedlikehald av parkeringsareal bør kunne dekkast gjennom bom- og/eller parkeringsavgift.

### *Nytt område for fritids- og turistformål BFT29\_f Brimi fjellstugu*

Fjellstyret er positive til at det blir avsett areal for garasje/lagerbygg ved Brimi Fjellstugu, men ynskjer å vurdere alternative områder for plassering av eit slik bygg, før ein tek endeleg stilling til tiltaket.

### *Område for råstoffutvinning*

Fjellstyret ynskjer ei tydeleggjering av at masseuttak i samband med drift og vedlikehald av setervegar og mindre veganlegg, må kunne godkjennast etter landbruksvegforskrifta. Samstundes bør det arbeidast for å oppretthalde eksisterande masseuttak og M50 Illmyrbakkjin bør takast inn at i planforslaget.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Når det gjeld M-109 Tessemagasinet ved Ilva bør det gjerast ei ny vurdering knytt til tidspunkt og område for uttak. Dette er eit mykje brukt og viktig rekreasjonsområde for allmennheita.

### *Område for samferdselanlegg/ infrastruktur:*

Fjellstyret er skeptiske til om ei utviding av felles parkeringsplass P01\_f vil løyse parkeringsutfordringane ved Brimi seter, men vil ikkje gå i mot forslaget om å avsette arealet til parkering i kommuneplanen sin arealdel. Når det gjeld eventuell opparbeiding bør dette avgrensast til det nødvendige, store inngrep vil påverke kulturmiljøet og landskapet negativt. Verksemdene bør i større grad sjå på disponering av eiga areal framfor å ta i bruk nytt. Fjellstyret vil kome attende til saka ved ei eventuell behandling etter fjellova.

### *Område med særlege omsyn til bevaring av kulturmiljø*

Fjellstyret syner til at riksantikvaren framhevar at framleis aktiv jordbruksdrift med slått og beite er avgjerande og viktig for å halde ved like kvalitetane i landskapet ved omsynssone for verdifult kulturlandskap i Bøverdalen (H570\_1) og omsynssoner for bevaring av kulturmiljø ved Tesse og Nordsetrene (H570:K1-K4). Dette må synleggjerast enda klarare i planføresegnene i kommuneplanen, slik at ein ikkje risikerer at omsynssonene sine føresegner er til hinder for landbruksutøvinga.

### **Vedtak:**

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom kommune – som e-post.